



# Retningslinje for tildeling av velferdsteknologi

Gjeld frå 1. januar 2020



**ALVER**  
KOMMUNE

## **Innhald**

<b>KAPITTEL 1. INNLEIANDE REGLAR.....</b>	<b>0</b>
1. Formål.....	0
2. Virkeområde .....	0
3. Definisjonar.....	0
<b>KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV VELFERDSTEKNOLOGI.....</b>	<b>1</b>
4. Når brukar har nødvendig behov for helse- og omsorgstenester .....	1
5. Når brukar ønsker velferdsteknologi (service) .....	1
6. Når pårørande skal stå på ringeliste og respondere på alarm .....	2
7. Samtykke .....	2
<b>KAPITTEL 3. VAL AV VELFERDSTEKNOLOGI.....</b>	<b>3</b>
8. Varslingsteknologi som ikkje er inngripande.....	3
9. Varslings- og lokaliseringsteknologi som er inngripande .....	3
10. Mobil trykkeleksalarm (inngripande lokaliseringsteneste).....	3
11. Fjerntilsyn .....	3
<b>KAPITTEL 4. AVSLUTTANDE REGLAR.....</b>	<b>3</b>
12. Iverksetting .....	3

# KAPITTEL 1. INNLEIANDE REGLAR

## 1. Formål

Velferdsteknologi kan vere ein måte å oppfylle brukarar sitt behov for helse- og omsorgstenester på. Velferdsteknologi er ein teknologisk assistanse som bidreg til auka tryggleik, sikkerheit, sosial deltaking, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrker den enkelte si evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne.

Velferdsteknologi kan også vere ein service til brukarar som ønskjer ein ekstra tryggleik i kvardagen, utan det føreligg eit nødvendig behov for helse- og omsorgstenester.

## 2. Virkeområde

Retningslinja gjeld for tildeling av velferdsteknologi til heimebuande i Alver kommune. Forvaltningskontoret gjer vedtak om velferdsteknologi etter denne retningslinja.

Retningslinje gjeld ikkje:

- a) Tildeling av velferdsteknologi ved tvangsvedtak, jf pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4 a og helse- og omsorgstjenesteloven kapittel 9. Forvaltningskontoret er ikkje delegert mynde til å treffe tvangsvedtak. Avgjerd om bruk av velferdsteknologi må gjerast i tråd med kommunen sine rutiner for tvangsvedtak.
- b) Tildeling av velferdsteknologi til brukarar som får langtidsopphald eller venteliste til langtidsopphald i institusjon. For slike brukarar er velferdsteknologi ein del av institusjonstenesta og vert administrert av sjukeheimstenesta.

## 3. Definisjonar

Velferdsteknologi er varslings- og lokaliseringsteknologi som brukarar kan få for å varsle om assistanse ved behov. Når varselet utløysast går det alarm til responstenesta som tar i mot, vurderer, dokumenterer og responderer på varselet. Responstenesta er del av helse- og omsorgstenesta som brukarar med velferdsteknologi får, i tillegg til annan hjelp som vert gitt som ledd i oppfølginga av varselet.

Velferdsteknologi vert delt inn i inngripande og ikkje-inngripande teknologi i forhold til regelverket som gjeld for personvern og privatlivets fred. Same teknologi kan brukast både som inngripande og ikkje inngripande teknologi, avhengig av kva innstillingar som er valt:

- a) **Varslingsteknologi som ikkje reknast som inngripande:** Dette omfattar teknologiske løysingar som inneber at brukaren vel å varsle sjølv, ved å aktivisere ein alarm. Døme på slik teknologi er stasjonær tryggleiksalarm med tilhøyrande sensorar som smykkesendar/armband, smykke med to-vegs samtale, snortrekk/ringsnor, fastmontert trykk-knapp m/to-vegs samtale, vatn tett



panikkbrytar. Andre døme er fallalarm med SOS knapp og mobil trykkleiksalarm med SOS knapp.

- b) **Varslingsteknologi som reknast som inngripande:** Dette omfattar teknologiske løysingar som inneber automatisk overføring av informasjon om brukar til helse- og omsorgstenesta. Dette er varsel som har som formål å unngå fare, minske skade og tilkalle hjelp kor brukar sjølv ikkje er i stand til å varsle. Døme på slik teknologi er fallalarm, dørsensor, rørslesensor, epilepsisensor, fuktensor, sengesensor med varsel om at brukar ikkje er i seng/ ikkje er tilbake i seng pilledispenser, multidose dispenser (elektronisk medisinstøtte) og Room mate (kan nyttast som sensorteknologi med varsel til personell og stillbilde av hendinga det vert varsla om). Room mate skal ikkje nyttast til fjerntilsyn.
- c) **Lokaliseringsteknologi som reknast som inngripande:** Dette er utstyr som automatisk kan berekne og opplyse om brukaren sin geografiske posisjon når brukaren er ute. Døme på slik lokaliseringsteknologi er Safemate med GPS lokalisering, med eller utan geofence. Geofence er ein funksjon i form av eit elektronisk gjerde (radius). Dersom personen går utanfor denne radiusen varslast kontaktpersonar/responstenesta og dei kan spore kvar personen er og kome til unnsetning. Safemate kan også nyttast som mobil tryggleiksalarm. Ved å utløyse SOS knapen oppnår brukar tovegs tale og delar posisjon sin med den som tek i mot varselet.
- d) **Fjerntilsyn reknast som inngripande:** Dette er utstyr som gir mulegheit for at personalet kan sjå til brukar utan å vere i same rom. Fjerntilsyn kan innebere bruk av lyd, bilde eller video. Fjerntilsyn kan gjennomførast med ulike virkemiddel, til dømes kamera eller room mate (kan nyttast som fjerntilsyn). Det er eit krav at pasienten er samtykkekompetent og samtykker til fjerntilsyn.

## KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV VELFERDSTEKNOLOGI

### 4. Når brukar har nødvendig behov for helse- og omsorgstenester

Brukar som har behov for nødvendig helse- og omsorgsteneste jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd, kan få velferdsteknologi for å tilkalle assistanse ved behov, dersom dette aleine eller saman med andre tenester vert vurdert som ei forsvarleg teneste.

Velferdsteknologi er i slike tilfelle ei gratisteneste.

Brukar sitt behov er styrande for val av kva velferdsteknologi som kan gis, sjå kap 3.

### 5. Når brukar ønsker velferdsteknologi (service)

Brukar som ikkje er vurdert til å ha behov for nødvendig helse- og omsorgsteneste jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd, eller som har behov for helse-



og omsorgstenester som vert dekkja på andre måtar enn ved bruk av velferdsteknologi, så kan brukar likevel få velferdsteknologi dersom han/ho ønskjer dette.

Velferdsteknologi vert i desse tilfella gitt som ein service for å gje ekstra tryggleik i kvardagen.

Velferdsteknologi er i slike tilfelle ei betalingsteneste. Sjå kap. 3 for val av velferdsteknologi.

## **6. Når pårørande skal stå på ringeliste og respondere på alarm**

Med ringeliste meinast ei ordning kor pårørande vert ført opp på ei liste. Når alarm vert utløyst går alarman først til responstenesta, som deretter kontaktar pårørande på ringelista. Pårørande rykker deretter ut ( heile eller deler av døgnet ut frå kva som er avtalt) for å gje brukaren assistanse. Dersom responstenesta ikkje oppnår kontakt med pårørande blir helse- og omsorgstenesta kontakta.

Dersom pårørande skal stå på slik ringelista og bli oppringt av responstenesta for oppfølging av alarm, så må både brukaren og pårørande som skal stå på ringelista ønske denne ordninga.

I tillegg må assistanse ved alarm frå pårørande vere vurdert som det beste for brukaren og som ei fagleg forsvarleg ordning ut frå brukaren sine behov.

## **7. Samtykke**

Før vedtak om velferdsteknologi kan fattast etter denne retningslinja skal det alltid føreligge skriftleg samtykke:

- a) Bruk av nøkkelskuff og nøkkel (alle)
- b) Samtykkeerklæring velferdsteknologi (alle)
- c) Bruk av inngripande varslings- og lokaliseringsteknologi (når aktuelt)

Samtykke skal innhentast som ledd i kartlegginga av brukar sine behov for velferdsteknologi. Samtykkeskjema skal gjennomgåast med brukar/pasient før signering.

For brukarar/pasientar som er kognitivt svekka og som ikkje forstår informasjon på skjemaet eller formålet med å signere samtykkeskjema, skal kommunen gje tilpassa informasjon om kva velferdsteknologi det er ønskeleg at brukar/pasient får, kvifor, og kva dette inneber for brukar/pasient. Om mogleg kan informasjon frå nærmaste pårørande om kva brukar ville ha ønska innhentast. Det skal dokumenterast i pasientjournal kva informasjon som er gitt og korleis brukar/pasient responderte på dette.



## **KAPITTEL 3. VAL AV VELFERDSTEKNOLOGI**

### **8. Varslingsteknologi som ikkje er inngripande**

Brukarar som sjølv er i stand til å varsle etter assistanse ved å velje å aktivisere ein alarm, kan få varslingsteknologi som ikkje reknast som inngripande.

### **9. Varslings- og lokaliseringsteknologi som er inngripande**

#### **a) Brukar er over 18 år og samtykkekompetent**

For brukar gjeld ikkje pasient- og brukerrettighetsloven § 4-6 a direkte. Vilkårret om at bruk av inngripande teknologi må vere nødvendig for å hindre eller avgrense risiko for skade på brukaren skal likevel vere oppfylt for at inngripande varslings- og lokaliseringsteknologi kan bli gitt.

#### **b) Brukar er over 18 år og ikkje samtykkekompetent**

For brukar skal vilkåra i pasient- og brukerrettighetsloven § 4-6 a vere oppfylt før tildeling kan skje etter denne retningslinja. Jf. elles pkt. 2 a.

### **10. Mobil trykkleiksalarm (inngripande lokaliseringsteneste)**

Kan tildelast brukar omfatta av kap. 2 pkt. 4 og 5 når samtlege av følgjande kriteria er oppfylt:

- Brukar kan ikkje nytte smarttelefon pga. syn, hørsel, motoriske vanskar eller liknande.
- Brukar oppheld seg tidvis utanfor heimen, t.d. ved turar i nærrområde eller i område utanfor tettstader.
- Brukar oppheld seg i område med mobildekning.
- Som hovudregel må brukar ha pårørande som kan stå på ringelista når alarm vert utløyst. For brukarar i omsorgsbustad pluss og ved dag- og aktivitetssenter kan personell i helse- og omsorgstenesta ha ansvar for å respondere ved alarm i staden for pårørande.

Responstenesta innebere at pårørande eller nødetatar vert vaslar, med mindre personell i helse- og omsorgstenesta sjølv har høve til å finne og bringe brukar heim.

Mobil trykkleiksalarm er som hovudregel ikkje aktuelt for brukarar i institusjon.

### **11. Fjerntilsyn**

Brukar kan få fjerntilsyn (lyd, bilde, video) når tilrådingar frå Datatilsynet i «Veileder - Kameraovervåking- hva er lov?» er oppfylt.

## **KAPITTEL 4. AVSLUTTANDE REGLAR**

### **12. Iverksetting**

Denne retningslinja gjeld frå 01.01.2020